

**KONTROLLUTVALET I
SKODJE KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 04.03.2014, kl. 16.00

Møtestad: Kontrollutvalsekretariatet sine lokalar i Lerstadvegen

Møtet vart leia av: Vigdis T. Bye

Elles til stades: Dag Loe Olsen, Grete Dalhaug Berg, Magnar Flaate og Jon Ola Røstad

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen.
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Skodje kommune møtte assisterande rådmann Bente Glomset Vikhagen i sak 02/14, 03/14 og 06/14. Økonomisjef Asle John Giske møtte i sak 02/14.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Det vart meldt inn ei sak under eventuelt.

SAK 01/14

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 21. OKTOBER 2013

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 21. oktober 2013 blir godkjent.

SAK 02/14

ORIENTERING OM KOMMUNEREKNESKAPEN

Økonomisjef Giske orienterte.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet tek saka til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om månadleg økonomirapport.

SAK 03/14
SAK OM VOLD I SKULEN, B-SAK

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 25.02.2014

Det vart fremma forslag om å lukke møtet. Møtet vart lukka under drøftinga om lukking. Møtet vart opna under votering

Kontrollutvalet vedtok samrøystes med heimel i kommunelova § 31 nr. 2, Offentleglova § 13 og forvaltningslova § 13 at møtet blir lukka.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet ber om at rådmannen gjer greie for kva for internt regelverk og rutinar som gjeld i kommunen for arbeidet med å oppfylle krava i opplæringslova kap. 9a, herunder kravet til internkontroll nedfelt i § 9a-4, og korleis skulen si kontinuerlege plikt til systematisk arbeid etter lova blir oppfylt.
2. Kontrollutvalet ber om å få seg førelagt all dokumentasjon knytt til den tidlegare forlikrådsbehandlninga av utvalet si sak nr. 03/14 om vold i skulen (unnateke offentlegheit)
3. Rådmannen blir vidare bedt om å klargjere kva for skriftlege rutinar og/eller praksis som gjeld for tilhøvet til den tilsette innanfor området for sak nr. 03/14, nærare bestemt kva for retningsliner/instruksar som måtte vere gitt av kommunen som arbeidsgjevar.

Vidare ber kontrollutvalet om å få opplyst gjeldande interne regelverk og rutinar for arbeidsrettslege tenestlege reaksjonar, slik som irettesetjing, advarsel samt val av reaksjonsform og suspensjon når det kan føreligge brot på slike anerkjente åtferdsnormer som det er tale om i den nemnde saka.

4. Kontrollutvalet ber også om å få tilsendt søkjarliste, saksutgreiing og vedtak i tilsetting av xxxxxxxxxxxxxxxxxxxx samt oversikt over kor stillinga var utlyst..

Møtet vart opna.

SAK 04/14
UTGREIING OM ORGANISERING AV REVISJONSDISTRIKT - ORIENTERINGSSAK

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 25.02.2014

Dagleg leiar i kommunerevisjonen Kjetil Bjørnsen orienterte.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 05/14
STATUS FORVALTNINGSREVISJON

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 04.02.2014

Dagleg leiar i kommunerevisjonen Kjetil Bjørnsen orienterte.

Kommunerevisjonen tek sikte på å legge fram ei prosjektskisse til forvaltningsrevisjonsprosjektet om oppfølging av politiske vedtak i april. Rapporten om VAR skal snart sendast til høyring.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 06/14
FORESPØRSEL FRÅ TV2

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 07/14
SAKSPAPIR FRÅ KOMMUNESTYRET TIL KONTROLLUTVALET
(Saka kom opp under eventuelt.)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber om å få tildelt nettbrett.

Vigdis T. Bye
leiar
(sign.)

Dag Loe Olsen
nestleiar
(sign.)

Grete Dalhaug Berg
medlem
(sign.)

Magnar Flaate
medlem
(sign)

Jon Ola Røstad
medlem
(sign.)